

Oversikt over tilskot til kommunane i 2022

Nr.	Kommune	Søknadsbeløp	Forslag til tilskot	Kommentar
1	Bamble	105 000	105 000	<p>Søker om tre prosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • vidareføring av prosjektet¹ «<i>Frisklivsresept til deltakarar på arbeidsmarkedstiltak</i>». • koble frisklivssentralen på det pågåande nærværprosjektet «<i>Tett på</i>» som er ein arbeidsmetodikk der ein arbeidsplass får stønad frå eit tverrfagleg team frå HR avdelinga i kommunen og NAV for å auke nærværet på arbeidsplassen. HR ynskjer å sjå om frisklivssentralen i Bamble kan vera eit godt verktøy • utvidelse av frisklivstilbodet med bassengtrening. Dette vil kreve kompetanseheving og ressursar.
2	Færder	220 000	160 000	<p>Tredje året dei søker om samarbeidsprosjektet «<i>Fedmebehandling- livsstilsending</i>», med Senter for sykelig overvekt (SSO). Etter prosjektperioden har dei planar om å integrere tilbodet.</p> <p>Andre året dei søker om meistringskurset «<i>Takk bare bra!</i>». No ynskjer dei å utvikle og tilby dette kurset til personar over 65 år. Knytter det opp til <i>Leve hele livet</i> og folkehelseprofilen i kommunen.</p> <p>Søker om høgt beløp til lønsutgifter, liten eigenandel.</p>
3	Holmestrand	455 000	300 000	<p>Etter ein dialog fekk dei avslag på fjorårets søknad. No ynskjer dei å prøve ut «<i>Gode aktivitetsvanar</i>», lansere Friskliv Senior, arrangere «<i>Takk bare bra!</i>» kurs og Friskliv ung trening på kveldstid, samt samarbeide med andre aktørar i kommunen. Arbeider i tråd med <i>Leve hele livet</i> reformen. Søker om relativt høg søknadssum. I svarbrevet vil dei bli orientert om at dei kan søkje om same tiltak i tre år. Dei vil også bli informert om at Nasjonalt senter for aldring og helse held kurs for å utdanne nye <i>Sterk og stødig</i> instruktørar til ein svært rimeleg kostnad.</p>
4	Larvik	280 000	180 000	<p>Ynskjer å vidareutvikle frisklivstilbodet til aldersgruppa 60+ som dei fekk stønad til i fjor. Dei vil no få eit eige tilbod på treningssenter med rettleiing av fysioterapeutar på frisklivssentralen. Dei vil óg skape ein sosial arena i for- og etterkant av treninga. Frisklivssentralen vil også opprette eit tilbod til born og unge som er i risikosona, eller allereie har utvikla overvekt og som har behov for fysisk aktivitet og kosthaldsrettleiing.</p> <p>Søker om høgt beløp til lønsutgifter og det er også søkt om overføring av beløp frå fjorårets tildeling.</p>

¹ Jamfør regelverk for tilskotsordninga kan tilskot gjevast til same formål i inntil maks tre år med atterhald om Stortingets behandling av det årlege statsbudsjettet.

5	Midt-Telemark og Nome	190 000	190 000	<p>Godt forankra frisklivsarbeid mellom to nabokommunar (interkommunalt).</p> <p>Søker om;</p> <ul style="list-style-type: none"> • innkjøp av nytt utstyr • gjennomføring av lærings- og meistringstilbod (Bra-mat kurs, røykesluttkurs, søvnkurs) • folkehelseiltak via frisklivssentralen og andre samarbeidspartnere (Frivillighetens år, Sykle til jobben, Gulltrimmen, Stolpejakten, Liv og røre, Ung Arena, Ung i Nome m.fl.) • profilering og synleggjering av arbeidet • besøksturné i ulike institusjonar innan spesialisthelsetenesta <p>Legg kommunanes folkehelseprofil til grunn i arbeidet. Det vil bli orientert om i svarbrevet at fleire av tiltaka i årets søknad har vore søkt om i tre år.</p>
6	Notodden	300 000	200 000	<p>Andre året dei søker om vidareutvikling og vidareføring av eksisterande tilbod. Søker i år om kompetanseheving, gjennomføring og oppretting av ny <i>Sterk og stødig</i> gruppe, profileringsmateriell og ulike arrangement. I svarbrevet vil dei bli orientert om at Nasjonalt senter for aldring og helse held kurs for å utdanne nye <i>Sterk og stødig</i> instruktørar til ein svært rimeleg kostnad.</p>
7	Sandefjord	160 000	100 000	<p>Søker om vidareutvikling. Frå kommuneplanen har dei valt to satsingsområde som det også blei søkt om i fjor:</p> <ul style="list-style-type: none"> • auka satsing på digitalisering innan velferdsteknologi og helse • auka psykiske helseutfordringar, spesielt blant barn og unge <p>Søker også om fleire delprosjekt, blant anna e-helseverktøyet <i>Min Livsstil</i> (blei prøva ut i fjor), kurs og kompetanseheving, midlar til ulike temasamlingar, utstyr og ekstra ressursar for å imøtekome venteliste på bassenggrupper. Har søkt om å overføre noko av midlane dei ble tildelt i 2021.</p>
8	Tokke	105 000	80 000	<p>Ynskjer å vidareføre eksisterande tilbod, samt satse meir på kompetanseheving etter to år med pandemi. Dei vil blant anna satse meir på aktivitet i vatn, både småbarn- og babysymjing, men også delta på kurset «symjeopplæring og funksjonsnedsettingar».</p> <p>Søker om relativt høgt beløp til kompetanseheving. Det er også søkt om å overføre eit lite beløp frå fjorårets tildeling.</p>
9	Tønsberg	121 900	85 000	<p>Søker om å utdanne instruktørar ved frisklivssentralen til å drifte <i>Hverdagsglede</i> kurs og sette i gang søvnkurs som dei på sikt ynskjer å implementere i dagleg drift. Høge lønsutgifter, sjølv om dei stiller med mykje eigenandel.</p>
10	Vinje	650 000	350 000	<p>Søker om <i>Liv og røre for eldre i Vinje kommune</i>. Prosjektet er planlagt gjennomført i to år med ambisjon om å innføre ein ny varig arbeidsmodell.</p>

				<p><i>Liv og røre for eldre</i> skal vere eit førebyggjande folkehelseprosjekt som skal fremje helse, trivsel og inkludering med mål om auka livsmeistring hjå heimebuande eldre innbyggjarar. Samarbeid mellom kommune og frivillige vil vera vektlagt i prosjektet og dei ynskjer å etablere og jobbe saman med ei bredt samansett arbeidsgruppe. Det er lagt opp til at tiltaket vil bli internevaluera. Kommunen har også søkt om midlar frå Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot.</p> <p>Vinje kommune har óg søkt om stønad til dette tiltaket hjå Statsforvaltaren. Vi er i dialog med dei og vil informere dei om endeleg vedtak i denne saka.</p>
	SUM	2 586 900	1 750 000	